



# Overordna BEREDSKAPSPLAN

## for Suda kommune

Godkjent i beredskapsrådet 17. august 2011

Vedtatt i Suda kommunestyre 7. september 2011

Revidert 01. februar 2021 av rådmannens leiargruppe



Stiftelsen Norsk Luftambulans gjennomførte kurs i Tverretattlig Akuttmedisinsk Samarbeid for ambulansetjenesten, lokal legevakt, politi og brannvesen den 12. og 13. juni 2012. Dette bildet er fra øving med masseskade som var avslutningen på kurset.

# INNHALD

1	Innleiing .....	3
2	Målsetting .....	3
3	Generelt om ansvar for beredskap.....	4
4	Opplæring i beredskapsarbeid .....	6
5	Øvingar .....	7
6	EVALUERING AV ØVINGAR OG UØNSKEDE HENDELSER.....	7
7	Grunnlag for beredskapsplanen.....	7
7.1	ROS-analyse.....	7
7.2	Konsekvensklassifisering på samfunnsnivå i Sauda.....	7
7.3	Rangert matrise over risikofaktorar i Saudasamfunnet .....	9
7.4	Hendingar med høg risiko .....	12
7.5	Tiltak .....	13
7.6	Vedtak.....	13
8	Operativ del .....	14
8.1	Deltakarar i beredskapsleiinga .....	14
8.2	Lokalisering av beredskapsleiing.....	15
8.3	Informasjon/kommunikasjon.....	15
9	System for mottak av beredskapsmeldingar .....	21
10	Funksjonskort .....	22
11	Hendingkort .....	22
12	Varslingslister .....	22
12.1	Beredskapsleiing.....	22
12.2	Satellitt-telefonar .....	22
12.3	Nødnettradioar .....	22
12.4	Viktige ressursar .....	22
12.5	Nabokommunar .....	22
12.6	Varslingsliste, einingsleiingar i Sauda kommune med fl.....	22
12.7	Regionale og statlege .....	23
13	Beredskapsplanar.....	23
13.1	Lokale beredskapsplanar .....	23
13.2	Andre planar .....	23
14	Ressursar .....	23
14.1	Kommunens egne resursar, teknisk .....	23
14.2	Lokale, materielle ressursar (I samsvar med eigarliste for Sauda Vekst AS).....	23
14.3	Sivilforsvarets resursar.....	23
14.4	Heimevernets resursar.....	24
14.5	Sauda Røde Kors Hjelpekorps.....	24
14.6	Sauda skisenter .....	24
14.7	Eramet Norway Sauda.....	24
14.8	Frivillige lag og organisasjonar.....	24
14.9	Samarbeid med / Hjelp frå nabokommunar .....	25
15	Retningslinjer for oppdatering av planverk .....	25
16	Distribusjonsliste.....	26
17	Vedlegg .....	27
17.1	Skjema for erfaringslæring etter hendingar og øvingar.....	27

## 1 INNLEIING

Alle kommunar kan bli ramma av alvorlege hendingar som kan gjera omfattande skade på menneske, miljø og eigedom. Samfunnsviktige funksjonar er sårbare overfor ekstraordinære påkjenningar, som til dømes vatn- eller elektrisitetsforsyning og annan tenesteyting.

Ein kommunal overordna beredskapsplan for å handtera ulukker og katastrofar vil vera eit nødvendig hjelpemiddel for å kunna reagera rasjonelt og effektivt i kritiske situasjonar. Ved å førebu seg på handteringa av slike hendingar, kan kommunen redusera konsekvensane monaleg. Det er kommuneleiinga sitt ansvar å sjå til at det er gjort nødvendige førebuingar innanfor kommunen sine ansvarsområde.

Ein beredskapsplan blir definert som "førebudde handlingar for å møte ulukker og andre påkjenningar som i art eller omfang går ut over det som er rekna som normalrisiko og normalbelastning i fredstid."

Denne planen skal ikkje erstatta eksisterande beredskapsplanar som er utarbeidd i/av kommunen/kommunale verksemdar. Den enkelte instans/eining skal likevel ha ansvar for å etablera tilstrekkeleg beredskap og utarbeida eigne planar for å handtera ulukker og beredskapssituasjonar innanfor sitt ansvarsområde.

Gjennom den overordna kommunale beredskapsplanen vil ein forsøka å knyta saman andre planar som gjeld for eiga verksemd for betre å kunna nytta seg av dei samla ressursar.

Kommunen vil vidare ha som mål å ta tilstrekkeleg omsyn til samfunnstryggleik og beredskap i forbindelse med den ordinære planlegginga i kommunen, til dømes ved ulike typar bygg- og anleggsverksemd eller i reguleringsplanarbeidet, etter lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven, plandelen). Med dette vil ein redusera sårbarheita overfor ekstraordinære hendingar som naturkatastrofar, større ulykker, sabotasje, m.m.

## 2 MÅLSETTING

Sauda kommune skal ha ein beredskap som tryggjar samfunnet i ein kritisk situasjon. Der kritiske situasjonar ikkje kan avverjast, skal beredskapen setta kommunen i stand til å ta initiativ og hjelpa til i arbeidet med å berga liv, helse og redusera skade på materielle ressursar.

Beredskapsleiinga i Sauda kommune skal koordinera og leia alle kommunale tiltak når ein beredskapssituasjon oppstår.

Beredskapsleiing skal gjennomførast på lågast mogelege nivå. Beredskapssituasjonar i eigen kommune skal normalt løysast i eigen regi.

## 3 GENERELT OM ANSVAR FOR BEREDSKAP

**3.1 Statsforvaltaren** har overordna ansvar for sivil beredskapsplanlegging i fylket, samt for å hjelpe statlege, fylkeskommunale og kommunale organ med planleggingsarbeidet. Statsforvaltaren skal vidare sitte inne med opplysningar om viktige ressursar i fylket. Dersom fleire kommunar blir ramma, har statsforvaltaren ei viktig oppgåve i samordning og prioritering av støtteinnsats.

Statsforvaltaren fører tilsyn med at kommunane oppfyller pålagde plikter etter [Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og sivilforsvaret](#) §§ 14 og 15, samt [Instruks for samfunnstryggjeleiksarbeidet til statsforvalteren](#).

**3.2. Politiet** har ansvar for å leia redningsteneste i politidistriktet. Redningsteneste vil seia den organiserte verksemd i samband med den første innsats for å redde menneske frå død eller skade som følgje av akutte ulykker eller faresituasjonar. Materielle verdiar fell utanfor ansvarsområdet. Redningstenesta kan disponera alle redningsressursar innanfor eit ulykkesutsett område. Kvart politidistrikt utgjer ein lokal redningsentral (LRS).

**3.3 Kommunen.** Sjølv om LRS blir etablert i samband med ei ulykke, har likevel kommunen ansvar for å avgrensa dei materielle skadane.

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og sivilforsvaret som vart sett i kraft 1. januar 2010 gir ein del føringar for kommunalt beredskapsarbeid. Viktig er blant anna § 14 der det blir stilt krav til ein heilskapleg ROS-analyse og § 15 med krav til ein overordna beredskapsplan med definerte minimumskrav.

Den heilskaplege ROS-analysen er grunnlag for både overordna kriseplan, sektorberedskapsplanar og planar etter plan og bygningsloven og det er avgjerande at den er så brei og konkret at den kan nyttast for føremålet. Eventuelt må det arbeidast ut parallelle og kanskje meir detaljerte ROS-analyser for kommunen sine ansvarsområde i tillegg.

I den overordna ROS-analysen er det gjort ei vurdering av sannsyn, konsekvens og risiko. Deretter er det teke stilling til kva risiko som er akseptabel og kva som ikkje kan akseptast. Det som ikkje kan akseptast er følgt opp med ei vurdering av moglege førebyggjande eller skadereducerande tiltak. Der det i planen blir vedtatt å gjennomføra tiltak, må dette førast vidare i økonomiplan- og budsjettprosessen, jfr **kap. 4**.

Forskrift om kommunal beredskapsplikt vart vedtatt 22.8.11 med heimel i ovanfornemnde lov. Forskrifta gir meir spesifikke føringar for kommunalt beredskapsarbeid.

I tillegg til ovanfornemnde lov og forskrift, er det i deler av særlovgivinga som regulerer ulike kommunale verksemdsområde stilt krav til beredskapsførebuing. I denne planen er beredskapsleiing omhandla i **kap. 5**.

Kommunen har òg eit generelt ansvar for innbyggjarane i ein beredskapssituasjon og kan få ansvar for mellom anna følgjande:

- ta hand om skadde personar
- omsorg for personar som har vore utsett for store påkjenningar
- hjelpe til ved evakuering av personar frå utsette område
- innkvartering av ulykkesramma eller redningsmannskap
- informere om situasjonen i kommunen og gi forholdsreglar
- forpleiing eller annan forsyningsstøtte
- sikra helsemessig trygge næringsmiddel, inklusive drikkevatt
- gjennomføra regulerings-/rasjoneringstiltak
- retta opp skader på kommunikasjonar og andre anlegg
- opprydding, oppreinsking, avfallsdeponering og annan innsats for å verne miljøet

- vern av kulturelle verdier.

Ved ei omfattande ulykke eller katastrofe har kvar einskild i den øvste beredskapsleiinga ansvar for å vurdera om det skal etablerast beredskapsleiing i kommunen, jfr **kap. 5.2**.

Kommunen har eit særleg ansvar for beredskap innanfor følgjande saksområde:

### **3.3.1 Helse- og sosialomsorg:**

Det er pålagt alle deler av helse- og sosialsektoren å planlegga og gjennomføra tiltak for å oppretthalde eit godt nok tilbod òg under ulykker og katastrofar.

Ved større ulykker kan behovet for sosial omsorg i kommunen auka drastisk. Det er derfor nødvendig å samordna ulike einingar og faggrupper i kommunen som er tillagt ansvar, mellom anna samarbeid mellom barnevern/sosialkontor, pleie- og omsorgsavdeling, helsesøsterteneste og kommunal helseteneste elles, trygdekontor, prest/diakon, og frivillige organisasjonar.

### **3.3.2 Helsevesen:**

Kommunen har ansvar for å utarbeida beredskapsplanar for den samla helsetenesta. Det omfattar mellom anna følgjande funksjonar:

- førebyggjande helseteneste
- primærlegeteneste
- smittevernplan
- psykososial støttetteneste
- heimebasert pleie- og omsorgsteneste
- sjukeheim/sjukestover
- andre helseinstitusjonar der kommunen er eigar eller brukar

### **3.3.3 Brannvern:**

Brannvernlova med forskrifter gir både generelle og spesifikke beredskapskrav retta mot kommunane. Lova gir kommunen beredskapsansvar mot brannar og andre ulykkeshendingar.

### **3.3.4 Kommunalteknisk verksemd:**

Innanfor tekniske verksemdsområde, som mellom anna V.A.R, er det behov for planar for å møta ulike hendingar.

- **Vassforsyning** For å sikre kvaliteten på drikkevannet og oppnå ein tilfredsstillande leveringsikkerheit, er det arbeidd ut ein beredskapsplan for å handtera forstyrringar i vassforsyninga.
- **Vern mot akutt forureining.** Forureiningslova dannar bakgrunn og set dei juridiske rammene for arbeid med beredskap mot akutt forureining i kommunane. Alle kommunar plikter å ha nødvendig beredskap mot akutt forureining som kan inntreffa eller føra til skader i kommunen, og som ikkje blir dekkja av privat beredskap. Statens forureiningstilsyn og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har i samarbeid utarbeidd ein plan for å etablere ein landsomfattande kommunal beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal dekke både land og sjø og det er lagt opp til interkommunalt samarbeid om dette. Sauda kommune er med i Nord-Rogaland og Sunnhordland IUA – Interkommunalt Utval mot akutt forureining. Haugesund kommune er vertskommune for IUA.

### **3.3.5 Kraftforsyning**

Innan elektrisitetforsyninga er det stilt krav i lov for å sikre forsyning av elektrisitet til forbrukar. For å kunne møta krava, har kraft- og nettselskapa utarbeidd beredskapsplanar. For å redusere skadeverknadene ved straumbrot, må i tillegg kommunale verksemdar sjølv førebu tiltak for å redusere konsekvensane av eit langvarig brot i forsyninga. Verksemdar som er særleg avhengig av stabil straumforsyning, bør sikra seg gjennom alternative straumkjelder.

Langvarig brot i elektrisitetsforsyninga kan få alvorlege konsekvensar for

- drikkevatnet
- avløpssystemet
- alders- og sjukeheimar
- telekommunikasjon
- IT-system
- ulike bedrifter, kommuneadministrasjon, bankar, o.l.

### **3.3.6 Kyrkja**

- I samarbeid med politiet har kyrkja eit klart definert ansvar i samband med varsling av dødsfall.
- I nært samarbeid med beredskapsleiinga har kyrkja eit særleg ansvar for å gi omsorg til personar med pårørende som har vore utsett for store påkjenningar.
- Kyrkja kan òg ha omsorg for dei som deltar i hjelpeapparatet.

### **3.3.7 Radioaktiv forureining**

Kommunen har ikkje spesifikt ansvar, men kan bli pålagt å gjennomføra ulike tiltak for å redusera skadeverknader.

### **3.3.8 Økonomiske ansvar**

Kommunen er normalt økonomisk ansvarleg for dei utgifter som knyter seg til den beredskapsinnsats som kommunen sjølv har sett i gang. Dersom utgiftene er betydelege, er det mogleg i ettertid å søka om delvis dekning frå staten. Kommunen er, i samsvar med direktiv for redningstenesta, pliktig til vederlagsfritt å stilla ressursar til disposisjon for den offentlege redningstenesta når det blir oppmoda til det. Dersom kommunen sjølv, til dømes i ein situasjon der redningstenesta sine organ ikkje er etablert, oppmodar om støtte frå andre organ, vil den vera ansvarleg for økonomisk oppgjør for desse tenestene.

### **3.3.9 Det kommunale beredskapsrådet**

Kommunestyret i Sauda har vedtatt følgjande samansetning av beredskapsrådet:

- Ordførar
- Rådmann
- Beredskapsansvarleg
- Lensmann
- Kommuneoverlege
- Kommunalsjef Næring og samfunn
- brannsjef
- IKT-leiar, Sauda kommune
- Sauda Røde Kors Hjelpekorps ved operativ leiar
- Sivilforsvaret
- Heimevernet, områdesjef
- Representant frå industriverket ved Eramet
- Representant frå Elkem Saudefaldene (fortrinnsvis vassdragsteknisk ansvarleg)
- Representant frå kyrkjekontoret

Ordførar er leiar av beredskapsrådet som mellom anna har som oppgåve å drøfta og samordna beredskapstiltak mellom ulike lokale myndigheiter, verksemder og organisasjonar. Rådet vil kunna gi viktige innspel til det førebyggjande beredskapsarbeidet i kommunen.

## **4 OPPLÆRING I BEREDSKAPSARBEID**

Alle som er tiltenkt ein rolle i kommunens krisehandtering skal gis opplæring i kommunens beredskapsarbeid. Målet med denne opplæringa er å gi kvar enkelt ein forståing av kva deira rolle med tilhøyrande oppgåver er i en krisesituasjon. Opplæringa skal også omfatte dei som kjem i staden for dei som normalt arbeidar med krisehandtering. Etter gjennomgått førstegangsoplæring skal alle med ein rolle i kommunens krisehandtering minimum kvart fjerde år ha repetisjonskurs i kommunens beredskapsarbeid.

Ansvar for at medarbeidarane har fått opplæring i beredskapsarbeid ligg hos rådmannens leiargruppe. Medlemmane i leiargruppa melder til beredskapskoordinator kven som har behov for opplæring. Beredskapskoordinator gjennomfører så opplæringa.

Kommunens krisehandteringsøvingar er ein del av denne opplæringa. All opplæring skal dokumenterast og arkiverast i kommunens saksbehandlingssystem.

Opplæringa skal omfatte roller og oppgåver i kriseleiing, krisehandtering med bruk av DSB-CIM, gjennomgang av tiltakskort og overordna beredskapsplan. Opplæringa gis gjennom kurs og øvingar.

Kven som har gjennomgått opplæring og tema for opplæringa skrivast i et eige dokument og førast i kommunens arkivsystem under ei sak som kallas *Dokumentasjon av opplæring i beredskapsarbeid*.

## 5 ØVINGAR

Øvingar er eit viktig verkemiddel for å trene krisehandtering og teste planverket. Øvingar skal gjære aktørane betre rusta til å ivareta sine oppgåver i handtering av ikkje ønska hendingar eller kriser. Gjennom øvingar får kommunen viktig lærdom om sine beredskapsplanar og organisasjon, og forbetningspunkt avdekkast. Også dei som er utpekt som dei som kjem i staden for dei som normalt har stillingar i kommunens krisehandteringsorganisasjon, bør delta på enkelte øvingar.

Kommunens beredskapsplan skal øvast minst kvart anna år, jf forskrift om kommunal beredskapsplikt § 7. Så langt det er mogleg gjennomførast det ei øving kvart år. I tillegg til dette gjennomførast 2 varslingsøvingar kvart år. Det skal også gjennomførast minst en serie med korte CIM-øvingar (minimum 5 korte øvingar) kvart år for beredskapsleiinga.

Større øvingar saman med andre eksterne instansar bør gjennomførast med jamne mellomrom.

## 6 EVALUERING AV ØVINGAR OG UØNSKEDE HENDELSER

Etter ikkje ønska hendingar der kommunen har etablert kriseleiing og etter øvingar kor kriseleiinga har vore engasjert, skal kommunen evaluera krisehandteringa. Der det slås fast at det er forbetningspunktar i planen eller det har vore større avvik mellom grunnlaga i planen og faktisk gjennomføring, skal planen reviderast. Forbetningspunktar hansamas ved hjelp av statustavle i verktøyet *Trello* i Rådmannen si leiargruppe. Er hendinga eller øvinga ført i CIM skal evalueringsrapporten leggjast inn i hendinga i tillegg til at alle evalueringsrapportar skal arkiverast i kommunen sitt saksbehandlingssystem.

Til evalueringa skal skjemaet *Erfaringslæring etter hendelser og øvelser*, vedlegg 1, nyttast. Skjemaet er henta frå [DSBs Metodehefte: Evaluering av øvelser](#). Den endelege evalueringsrapporten skal skrivast med utgangspunkt i vedlegga til DSBs *Metodehefte: Evaluering av øvelser*.

Ansvar for at evalueringar etter ikkje ønska hendingar og øvingar blir gjennomført ligger til rådmannen. Beredskapskoordinator har ansvar for at arkiveringsprosedyrar blir følgde opp.

## 7 GRUNNLAG FOR BEREDSKAPSPLANEN

### 7.1 ROS-analyse

Hausten 2009 vart det gjennomført ein overordna risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) for Saudasamfunnet. Den munna ut i hendingane nemnt i matrisa nedanfor. Alle hendingane er utarbeidde og vurderte av aktuelle saksbehandlarar og i mange tilfelle i samråd med andre – både interne og eksterne – kyndige innan det aktuelle feltet. ROS-analysen er vidare behandla i beredskapsrådet, som er komne fram til at dei bør ha ein gjennomgang av den ein gang årleg.

### 7.2 Konsekvensklassifisering på samfunnsnivå i Sauda

Omgrep	Menneske	Miljø	Økonomiske	Samfunns-konsekvensar
--------	----------	-------	------------	-----------------------

			verdiar	
<b>Ufarleg</b>	Ingen personskader	Ingen miljøskader	Skader opp til kr 100.000	Systemet midlertidig ut av drift. In direkte skader. Mindre forsinkelse. Ikkje behov for reservesystem
<b>Ein viss fare</b>	Få og små personskader	Mindre miljøskader	Skader opp til kr 1.000.000	Systemet blir sett midlertidig ut av drift. Kan føra til skader, dersom det ikkje finns reservesystem/alternativ.
<b>Kritisk</b>	Få, men alvorlege personskader	Omfattande skader på miljøet	Skader opp til kr 10.000.000	Driftsstans i fleire døgn.
<b>Farleg</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Døde personar</li> <li>▪ Fleire alvorleg skadde</li> <li>▪ Fleire husstandar evakuerte</li> </ul>	Alvorlege skader på miljøet	Skader opp til kr 50.000.000	Systemet blir sett ut av drift over lengre tid. Andre avhengige system blir ramma midlertidig
<b>katastrofal</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Over 5 døde</li> <li>▪ Over 20 alvorleg skadde</li> <li>▪ Over 20 husstandar evakuerte</li> </ul>	Svært alvorlege og langvarige skader på miljøet	Skader over kr 100.000.000	Hovudsystem og avhengige system blir sett permanent ut av drift.



### 7.3 Rangert matrise over risikofaktorar i Saudasamfunnet

Sannsynlighetsgradering:	
Påreknast kvart år	5
Svært sannsynlig 1-5 år	4
Sannsynlig 5-15 år	3
Mindre sannsynlig 15-50 år	2
Lite sannsynlig 50år+	1

Konsekvensgradering:	
Katastrofal	5
Farlig	4
Kritisk	3
Ein viss fare	2
Ufarlig	1

Utrekning av totalscore:		
Sannsynlighet	x	Konsekvens f
	+	Konsekvens f
	+	Konsekvens f
	+	Samfunnskonn
	+	Konsekvens f
	=	Totalscore

Kvar hending er vurdert og vekta med omsyn til sannsynlighet og konsekvens for menneske, miljø, økonomi, samfunn og omdømme. I utrekninga av totalsum, har konsekvens for menneske fått høgare vektning enn dei andre 4 momenta.

ROS nr	Hending	Sannsynlighet	Konsekvensgradering					Total	Behov for vurdering av tiltak
			Menneske	Miljø	Øk.verdiar	Samf.kons	Omdømme		
4.5	Pandemi	3	5	1	2	4	1	23	
2.5	Dambrudd	1	5	3	5	5	3	21	Vurdera varslingsssystem - Evakueringsevakueringso
5.9	Brann i tettbebyggelse	3	4	2	3	2	2	21	Vurdera gjennomføring av vannkapasitet
4.1	Forurenset drikkevann	3	4	2	2	3	2	21	
5.2	Brann i sykehjem og oms.boliger	2	5	1	3	3	2	19	Vurdera gjennomføring av vannkapasitet
1.10	Jordskjelv over ...Richters skala	1	5	3	5	5	1	19	
5.4	Brann i overnattingssted	2	4	2	3	3	2	18	Vurdera gjennomføring av vannkapasitet
5.1	Brann i forsamlingslokaler	2	4	2	3	2	3	18	Vurdera gjennomføring av vannkapasitet
5.10	Brann i industri/næringsbygg	2	3	3	3	2	3	17	Vurdera gjennomføring av vannkapasitet
3.2	Uhell under transport av farlig gods	2	3	3	2	4	2	17	Vurdera evakueringsplan langs aktu
5.11	Brannspredning pga redusert vannmengde	3	3	2	2	2	2	17	Vurdera gjennomføring av vannkapasitet
5.6	Brann i båthamn i påsken	2	4	2	2	1	2	15	Kopla til 2 nye brannhydrantar langs
5.5	Brann på skule	2	3	1	3	3	2	15	Vurdera gjennomføring av vannkapasitet
4.2	Akutt forurensing til luft	2	3	2	2	2	3	15	
4.3	Radonstråling	5	2	1	1	1	1	14	Legga ut kart over område med høg ved nybygging i desse områda
2.3	Brot i data og/eller telesystem>24t	2	2	1	3	4	2	14	Vurdera å skaffa nødaggregat - eve
2.1	Brudd i avløps- og overvannsledning	3	2	2	2	2	2	14	Vurdera separate grøftetrassear for
2.7	Strømbrudd Sauda >24t	1	3	3	3	3	1	13	Vurdera å skaffa nødaggregat - eve
1.11	Undersjøisk ras pga dårlige masser	2	2	2	3	3	1	13	Krav om KU før tiltak i utsette områ
1.3	Ulike ras mot bebygd område	1	4	2	3	2	2	13	Utarbeida ROS ved nye tiltak - Ever
1.2	Ekstremt snøfall	2	3	1	3	2	1	13	
1.1a	200 års flom	1	2	2	4	3	2	13	Kartfesta restriksjonsområde i neste bestemmelse om ROS ved nye tiltak
3.8	Havari med godsbåt med farlig gods	2	3	2	3	1	1	13	
1.6	50 års vind	2	2	2	3	3	1	13	Vurdera innføring av omsynssonar i

ROS nr	Hending	Sannsynlighet	Konsekvensgradering					Total	Behov for vurdering av tiltak
			Menneske	Miljø	Øk.verdiar	Samf.kons	Omdømme		
5.7	Brann på camping/caravanplass	2	3	1	2	1	2	12	Vurdera gjennomføring av vannkapasiteten
3.6a	Ulykker med småfly/helikopter	2	4	1	1	1	1	12	
3.6b	Ulykker med passasjerfly	1	5	1	4	1	1	12	
1.1b	50 års flom	2	2	2	3	2	1	12	Kartfesta restriksjonsområde i neste bestemmelse om ROS ved nye tiltak
3.7	Havari med passasjerbåt	1	5	2	1	2	1	11	
2.4	Brot i vegsamband >24t	2	2	1	2	2	2	11	Vurdera istandsetting og drift av ferjer
5.12	Brann/eksplosjon i transformatorstasjon	1	2	2	2	3	2	11	
1.7	Ras mot veier som stenger >24t	2	2	1	2	2	2	11	Vurdera istandsetting og drift av ferjer
3.1	Bussulykke, Fleire døde. 10 – 20 alvorlig skadde	1	5	1	2	1	1	10	
5.8	Brann i enkelthus utenfor tettbebyggelse	2	2	1	2	1	2	10	
2.9	Brot vannforsyning >24t	2	2	1	2	2	1	10	
5.3	Større skogbrann	2	2	2	2	1	1	10	
1.9	Springflo	4	1	2	2	1	1	10	
2.2	Stopp i oljeforsyning	2	1	1	2	2	1	8	Vurdera bruk av transportmiddel med
2.6	Strømbrudd helseinst>4t	2	1	1	1	1	1	6	Vurdera å skaffa nødaggregat - event

Risikodiagram (som gir eit bilde av den risiko dei ulike uønska hendingar/årsaker representerer)

<i>Sannsynlighet</i>	<i>Konsekvens for menneske</i>			
	Ufarlig	En viss fare	Kritisk	Farlig
Påreknast				
Svært sannsynlig	1.9			
Sannsynlig		2.1	5.11	5.9 5.6 4.1
Mindre sannsynlig	2.2 2.6	5.8 1.6 1.7 1.11 2.3 2.9 5.3 1.1b 2.4	5.7 1.2 5.5 3.2 5.10 4.2 3.8	3.6a 5.4 5.1
Lite sannsynlig		5.12 1.1a	2.7	1.3

## 7.4 Hendingar med høg risiko

Overordna ROS-analyse for Saudasamfunnet vart behandla i kommunestyret som sak 082/10. Kommunestyret fatta følgjande samrøystes vedtak:

*"Kommunestyret tar til etterretning den overordna Risiko- og sårbarhetsanalysen som er lagt fram og godkjenner dei førebyggjande og skadereduserande tiltak som er føreslått i analysen.*

*Kommunestyret ber rådmannen om å arbeida inn dei økonomiske konsekvensane av godkjente tiltak i budsjett og økonomiplan for 2011 – 2014."*

ROS-analysen tok føre seg rundt 40 ulike hendingar og munna ut i at følgjande 20 hendingar har høgaste risiko i Sauda:

ROS nr	Hending	Risiko	Behov for vurdering av tiltak	Hendingss-kort nr
4.5	Pandemi	23		7.5-7.6
2.5	Dambrot	21	Vurdera varslingsystem - Evakueringsplanar - SMS-varsling av evakueringsområda	7.8
5.9	Brann i tettbebyggelse	21	Vurdera gjennomføring av vannkapasitetsmålingar og eventuelt auka kapasiteten	7.8
4.1	Forurensa drikkevatt	21		7.4
5.2	Brann i sjukeheim / omsorgsbustad	19	Vurdera gjennomføring av vannkapasitetsmålingar og eventuelt auka kapasiteten	7.8
1.10	Jordskjelv over ... på Richters skala	19		7.8-7.2
5.4	Brann i overnattingsstad	18	Vurdera gjennomføring av vannkapasitetsmålingar og eventuelt auka kapasiteten	7.8
5.1	Brann i forsamlingslokale	18	Vurdera gjennomføring av vannkapasitetsmålingar og eventuelt auka kapasiteten	7.8
5.10	Brann i industri/næringsbygg	17	Vurdera gjennomføring av vannkapasitetsmålingar og eventuelt auka kapasiteten	7.8
3.2	Uhell under transport av farlig gods	17	Vurdera evakueringsplan langs aktuelle vegstrekningar	7.8
5.11	Brannspreiing pga redusert vannmengde	17	Vurdera gjennomføring av vannkapasitetsmålingar og eventuelt auka kapasiteten	7.8
5.6	Brann i båthamn i påsken	15	Kopla til 2 nye brannhydrantar langs båthamna	7.8
5.5	Brann på skule	15	Vurdera gjennomføring av vannkapasitetsmålingar og eventuelt auka kapasiteten	7.8
4.2	Akutt forurensing til luft	15		7.8
4.3	Radonstråling	14	Legga ut kart over område med høge radonverdiar - vurderer eigne krav ved nybygging i desse områda	
2.3	Brot i data og/eller telesystem >24t	14	Vurdera å skaffa nødaggregat - eventuelt legga det inn i økonomiplanen	7.3
2.1	Brot i avløps- og overvannsledning	14	Vurdera separate grøftetrassar for drikkevatt og avløp	7.4
2.7	Straumbrot Sauda >24t	13	Vurdera å skaffa nødaggregat - eventuelt legga det inn i økonomiplanen	7.3-7.1
1.11	Undersjøisk ras pga dårlige massar	13	Krav om KU før tiltak i utsette område	7.8
1.3	Ulike ras mot bebygd område	13	Utarbeida ROS ved nye tiltak - Eventuell SMS-varsling	7.2-7.8

## 7.5 Tiltak

Det er kjøpt inn eit naudtrømaggregat som dekker sjukehusbygga og eit som dekker rådhuset og brannstasjonen. Aggregata blir testa med jamne mellomrom og tankkapasiteten er 7 og 12 timar. Kommunen har skreve rammeavtale om etterforsyning av diesel med krav til reaksjonstid.

- |   |  |              |            |
|---|--|--------------|------------|
| 3 | Ta kontakt med Sauda Sikringsradiolag for å få til en avtale om bruk av 40 sikringsradioar i beredskapssituasjonar   | 2021         | Beredskap  |
| 4 | Gjera vannkapasitetsmålingar ved alle aktuelle objekt nemnd i overordna ROS-analyse og auka kapasiteten der det er for liten vannkapasitet i forhold til kravet. | Under arbeid | Brannvesen |

## 7.6 Vedtak

**Sauda kommunestyre godkjenner den overordna beredskapsplan for Sauda kommune slik den ligg føre.**

**Følgjande tiltak blir ført vidare til budsjett- og økonomiplanprosessen for gjennomføring:**

Ta kontakt med Sauda Sikringsradiolag for å få til en avtale om bruk av 40 sikringsradioar i beredskapssituasjonar

Gjera vatnkapasitetsmålingar ved alle aktuelle objekt nemnd i overordna ROS-analyse og auka kapasiteten der det er for liten vatnkapasitet i forhold til kravet.

### **Fullmakt/delegering til beredskapsleiinga**

Beredskapsleiinga kan disponera og eventuelt omdisponera naudsynte ressursar for hjelp til dei som er ramma, til forpleiing, skadeavgrensing, samt sikringstiltak for å verna liv, verdiar og miljø.

Beredskapsleiinga kan pålegga overtids- og ekstraarbeid.

Der beredskapsleiinga vurderer situasjonen til å vera ressurskrevjande, må formannskapet konsulterast så snart råd er.

Oversikt over samla ressursbruk skal så snart som råd leggjast fram for formannskapet.

## 8 OPERATIV DEL

Det er lagt vekt på å gjera denne planen "person-uavhengig". Det betyr at det i planen blir vist til stillingsheimlar, titlar, funksjonar m.v. Kven som har desse stillingane til ei kvar tid vil gå fram av varslingslistene i planen.

### 8.1 Deltakarar i beredskapsleiinga

Dersom det skjer kritiske hendingar som utløyser behov for å setja beredskapsleiing, skal følgjande eller dei som møter i staden for dei ha felles ansvar for straks å etablere ei første beredskapsleiing:

- ◆ Ordfører/varaordfører
- ◆ Rådmann
- ◆ Kommunalsjefar for
  - Næring og samfunn
  - Helse og omsorg
  - Oppvekst og kultur
- ◆ Beredskapskoordinator
- ◆ Kommuneoverlege
- ◆ Informasjonsansvarleg
- ◆ Operatør til sentralbordet
- ◆ Loggfører (Blir gjort av kvar enkelt i beredskapsleiinga)
- ◆ Meldingsmottakar/behandlar (Dekkes av Kundetorget)
- ◆ Politiet ved politikontakt tiltrer så snart forholda elles tillèt det.

Deltakarar i beredskapsleiinga med kontaktinformasjon og deira stedfortredere (i kursiv) er å finne i kapittel 12.1 Beredskapsleiing.

Dei som har fullmakt til å etablere beredskapsleiinga er ordfører/varaordfører og rådmann/fungerande rådmann.

Ei viktig oppgåve for beredskapsleiinga blir å freista å sikra at kommunal tenesteyting fungerer best mogleg parallelt med ein beredskapssituasjon.

**Ordføraren** har ansvar for informasjon ut mot innbyggjarane og for kontakt med statsforvaltaren, andre statsetatar og overordna politiske myndigheiter. Når ordføraren er fråverande, har **varaordfører** leiinga.

**Rådmannen** har det operative ansvaret for leiing av den kommunale organisasjon og ressursar. Rådmannen kallar inn einingsleiarar og opprettar stab- og støttefunksjonar etter behov. Når rådmannen er fråverande, er der **assisterande rådmann** som har leiinga.

**Informasjonsansvarleg** (politisk sekretær/konsulent) er ordføraren sin medhjelpar i informasjonsarbeidet og er ansvarleg for å oppretta mottaksrom for media i kinosalen. Informasjonsansvarleg er leiar av kommunikasjonsgruppa, jfr pkt. 5.3.

#### **Kommunalsjef næring og samfunn**

Ansvar for:

- Eigne ressursar
- Transport
- Opprydding og utbetring av veger/kommunikasjon
- Tiltak mot forureining

#### **Brannsjef**

- Brannvesenet

- Eigne ressursar

**Beredskapsleiinga er vidare ansvarleg for å vurdere ytterlegare deltaking, f.eks. gjennom liasoner/rådgjevarar utan avgjerdsmyndigheit på vegne av kommunen som:**

- ◆ Einingsleiarar
- ◆ Økonomikontoret
- ◆ Sokneprest/diakon
- ◆ Sivilforsvaret
- ◆ Forsvaret/heimevernet
- ◆ Mattilsynet
- ◆ Frivillige organisasjonar, m.fl.

## **8.2 Lokalisering av beredskapsleiing**

Beredskapsleiinga blir etablert i kommunestyresalen i Rådhuset. Der er planskap som inneheld **oppdaterte beredskapsplanar, ressursoversiktar**, samt nødvendig skrive- og kontormateriell. Nøklane til skapet er oppbevart hjå:

1. Nøkkelskap kundetorget
2. Beredskapskoordinator
3. Nøkkelskap sjef Plan og forvaltning

Rom for informasjon av media m.m. blir etablert i kinosalen.

Rom for samband blir etablert i møterommet.

Kantine blir i eksisterande kantine.

## **8.3 Informasjon/kommunikasjon**

Denne planen dekker i første rekke hendingar av eit slikt omfang at dei utløyser kommunal beredskapsleiing. For hendingar av mindre omfang, vil likevel det nedanfor nemnde kommunikasjonsapparatet hjelpe tenesteområde, einingar, avdelingar eller verksemder etter behov. Planen avgrensar seg i hovudsak til informasjon overfor ramma parter, publikum og media.

### **Informasjonsbehov, bakgrunn**

Alle slags uheldige og kritiske hendingar fører med seg eit informasjonsbehov som, inntil det er dekket, fører til eit informasjonsvakuum. Mangel på informasjon kombinert med stor interesse frå ramma parter, innbyggjarane og media, er i seg sjølv ei krise som kjem i tillegg til den eigentlege og faktiske krisa. Dette vakuemet kan lett fyllast av sakleg eller usakleg, korrekt eller mindre korrekt informasjon ut frå det som er tilgjengeleg. Dersom det ikkje er god nok tilgang til sakleg og rett informasjon, vil det lettare føra til rykte, myter, informasjon basert på personlege opplevingar eller følelsar m.v.

Ei informasjonskrise har mange negative konsekvensar. Først og fremst at menneske blir unødig skremde og/eller at menneske som har behov for å vern/evakuering, ikkje blir varsla i tide. Mangel på informasjon kan føra til større skadeomfang enn nødvendig og i verste fall til panikk eller kaos. Ei slik informasjonskrise vil òg svekka tillit til kommunen og kommunen sitt omdømme.

Det er viktig å vera klar over det mangfald av informasjonskanalar og farten som informasjon kan bli spreidd med i dag, på godt og vondt. Det handlar ikkje lenger berre om papiraviser, radio og TV, men i tillegg om sosiale medium, bloggar, nettaviser/nettradio/nett-TV og ulike former for mobiltelefonbaserte kanalar (SMS, MMS, smarttelefon, nettbrett mv.). Tempo og krav til tilgjengeleg informasjon har auka. Det same har mogleghetene for å spreia både

korrekt informasjon og rykte. Utfordringa med dei nye media er at dei ikkje alltid er underlagt like tydeleg redaktøransvar som sikrar ei korrekt og balansert formidling.

## **Mål**

Målet med informasjonsarbeidet i krisesituasjonar er å

- Redusera og avgrensa skade, konsekvensar, psykisk/fysisk
- Bidra til å oppretthalda eit trygt samfunn og redusera unødig frykt blant innbyggjarane
- Forhindra myter, rykte og feil informasjon
- Rettleia og gi råd til ramma parter
- Styrka tiltru til kommunen og kommunen si evne til å handtera situasjonen

Ein avgjerande faktor for at dette arbeidet skal fungera, er å vera tidleg nok ute med nødvendig informasjon. Det vil motverka feilinformasjon, ryktespreiing, spekulasjonar og unødig frykt.

## **Overordna prinsipp**

Ein omfattande kritisk situasjon kan delast i to fasar: Akutfase (normalt det første døgnet) og driftsfase. Denne planen omfattar i hovudsak akutfasen, der følgjande prinsipp er gjeldande:

- Det er politiet/lokal redningsentral (LRS) som gir konkret informasjon vedrørende omfang og konsekvensar av den kritiske hendinga.
- Kommunen si oppgåve er først og fremst å
  - Varsla dei som er utsett for fare og eventuelle pårørande
  - Koordinera innsats på systemnivå – og orientera om tiltak
  - Hindra unødvendig frykt
  - Ta over meir av leiing og koordinering i driftsfasen - òg på skadestaden.


## **Organisering av informasjonsberedskapen**

Politisk sekretær er informasjonsleiar i kritiske situasjonar. Vedkommande inngår i beredskapsleiinga i kommunen.

Ved hendingar som ikkje krev innkalling av den overordna beredskapsleiinga, har involvert tenesteområde, eining, avdeling eller verksemd ansvar for nødvendig informasjon til innbyggjarar/brukarar og media. Kommunikasjonsapparatet vil likevel kunna gi praktisk assistanse i informasjonsarbeidet.



## Informasjonsarbeidet er organisert slik:



Ved alvorlege hendingar som krev at beredskapsleinga blir innkalla, er det politisk sekretær som leier informasjonsarbeidet. Vedkommande kallar inn etter behov tilsette ved kundetorget og/eller ytterlegare ressursar i organisasjonen. Desse vil til saman utgjera kommunen si kommunikasjonsgruppe. Kommunikasjonsgruppa har til oppgåve å dekkja den totale informasjonsberedskapen i ein beredskapssituasjon i samråd med beredskapsleinga: Grappa skal

- informera dei av kommunen sine tilsette som har behov for oppdatert kunnskap, spesielt med tanke på å informera andre,
- informera ramma og pårørande, varsla ved for eksempel behov for evakuering,
- informere media ut frå ei vurdering av gjensidig behov,
- ta seg av sentralbordfunksjonen og svara på spørsmål,
- informera dei politikarar som er representert i formannskapet,
- loggføra alle meldingar til/frå media i CIM-mediemodul. Politisk sekretær, som inngår i beredskapsleinga, har hovudansvaret for føringane i denne modulen.

## Rollefordeling - informasjonstenesta

### Kommunikasjonsgruppa

Består i hovudsak av tilsette frå kundetorget og IKT-avdelinga. Grappa kan styrkast med tilsette elles ved behov. Den vil i kriser hjelpa til med produksjon av nettbasert informasjon, pressemeldingar, nyhendeovervaking mv.

Kundetorget er utgangspunktet for arbeidet til kommunikasjonsgruppa/informasjonstenesta. Det kan bli naudsynt at minst ein medarbeidar hjelper informasjonsleiaren/beredskapsleinga med medieovervaking i beredskapsrommet.

### 1. Politisk sekretær

- Inngår i beredskapsleinga
- Sørgjer for informasjonsflyt til andre operative informasjonsressursar
- Avklara kva som til ei kvar tid kan/skal kommuniserast ut
- Etablere pressesenter og leia eventuelle pressekonferansar

## 1. Tilsette ved kundetorget

- Hovudansvar for telefonsvararteneste overfor publikum, ramma, pårørande m.v.
- Sørge for at kommunen sine nettsider er oppdatert
- Trer inn for politisk sekretær i vedkommande sitt fråvæer

## 2. Tilsette ved IKT-avdeling

- Hovudansvar for nettbasert kommunikasjon
- Hovudansvar for medieovervaking
- Organisera og informera kommunikasjonsgruppa
- Hjelpa til med nødvendig IKT-kompetanse i informasjonsarbeidet ved mindre hendingar, saman med ramma etat/avdeling/verksemd.

## 3. Liaison-ordning i LRS

For å sikra god informasjon mellom LRS og beredskapsleiinga i kommunen, ønskjer ein å få til ein liaison-ordning med kommunal representant som får tilhald fysisk nær LRS i situasjonar som har eit slikt omfang at både LRS og kommunal beredskapsleiing blir sett.

## 4. Kommunalt informasjonsforum i Rogaland

Informasjonsmedarbeidarar i Rogalandskommunane og hos Statsforvaltaren inngår i eit nettverk; Kommunalt informasjonsforum. Dette forumet har blant anna fokus på informasjon i samband med kriser og andre alvorlege hendingar. Gruppa fungerer som ein informasjonspool der medlemmene kan søka støtte hjå kvarandre ved behov. Det ligg føre ei gjensidig forståing av at informasjonsmedarbeidarar kan bidra operativt i andre kommunar ved behov. Me har samarbeidd noko med Suldal kommune om dette. Det er difor særleg aktuelt at me støttar kvarandre dersom ikkje begge kommunar er like hardt ramma. Oppmodingar som gjeld informasjonsstøtte og koordinering går då via dei formelle beredskapskanalane.

### Når kommunal beredskapsleiing ikkje blir sett ned

Også ved ikkje ønska hendingar som har omfang eller alvorsgrad som ikkje gjer det naturleg at kommunal beredskapsleiing blir sett ned, oppstår det informasjonsutfordringar. Normalt er det då leiar på det nivået som "eig" krise (eining/avdeling/verksemd) som òg er ansvarleg for informasjonsarbeidet. Den kommunale kommunikasjonsgruppa hjelper då til etter ønske/behov.

Det er forventa at det i beredskapsplanar på ulike nivå i organisasjonen inngår eit punkt om korleis informasjonsbehov ved beredskapssituasjonar/kriser skal dekkast.

### Bodskap

Alt informasjonsarbeid skjer i samråd med rådmann og ordførar og eventuelt LRS. Informasjon som går ut frå kommunen skal kvalitetssikrast for å unngå feilinformasjon.

I hovudsak er det LRS som i akutfasen uttaler seg om situasjonen på skadestaden, om skadeomfang og personskadar/omkomne. Kommunen bringer då dette vidare berre i den utstrekning informasjonen er kvalitetssikra og avklart med LRS. Kommunen vil normalt ikkje informera om årsaksforhold.

Det er også LRS som eventuelt gir media tilgang til skadestaden. Kommunen bør ikkje kunne gi slik tilgang, men bør kunna setta grenser for kva som kan fotograferast/filmast mv. Denne informasjonen må i så fall formidlast til skadestaden via formelle kanalar.

Kommunen sitt informasjonsansvar er først og fremst å ta vare på publikum slik at skadane ikkje blir større enn nødvendig og slik at det ikkje oppstår unødig frykt, panikk eller kaos. Det vil normalt vera ordførar som er kommunen sitt ansikt ut, slik òg i krisesituasjonar.

Bodskap i beredskapssituasjonar/kriser følgjer denne prioriteringa:

1. Liv og helse
2. Miljø
3. Materielle verdiar

### **Media, kanalar, virkemedel**

Ved kriser er kommunen sine hovudkanalar ut mot publikum dei same som i normalsituasjonar:

- Telefon – svarteneste på kundetorget
- Internet – kommunen sin ordinære nettstad – og intranett. I tillegg til dette må det vurderast informasjon på Facebook, Twitter og eventuelt liknande kanalar.

I hovudsak skjer informasjonsformidlinga ved at meldingar blir lagt ut på internett. Der skal det stå telefonnummer for publikumskontakt (kundetorget) og mediekontakt.

**Alle telefonførespurnader** skal styrast til/via kundetorget, som eventuelt blir forsterka med personell frå andre innan stab og støttfunksjonar eller frå andre tenesteområde/einingar.

Det er viktig å sikra at

- publikum, ramma, pårørande mv. i størst mogleg grad kan finna den informasjon dei treng via nettløysingane
- at flest mogleg kan få enkle svar på sine spørsmål frå kundetorget

Dette vil frigjera ressursar i organisasjonen. Ressursar som er nødvendige for å ivareta koordinering, taka avgjerder og fagbaserte oppgåver.

For øvrig bruker ein etter behov

- SMS-varsling, telefonvarsling
- E-post
- Massemedia (aviser, radio, TV)

I heilt spesielle situasjonar kan også følgjande kanalar brukast:

- telefaks
- høgtalarbilar
- dør til dør-aksjon, husbesøk
- informasjonsmøte
- brosjyrar, løpesetlar... delt ut av kommunen sine tilsette eller posten, for eksempel på skulane via elevane
- plakatoppslag

### **Internett i krisesituasjonar**

I situasjonar som i samfunnsmessig samanheng kan klassifiserast som ubetydeleg eller ein viss fare, bruker ein nyhendefeltet på dei ordinære nettsidene.

I situasjonar som kan karakteriserast som alvorleg, kritisk eller katastrofalt, må omtalen og informasjonen leggjast inn slik at den alltid er på toppen av nyhendefeltet.

I alle beredskapssituasjonar må det leggjast ein melding på intranett om at tilsette i organisasjonen bruker aktuell internettportal for å halda seg oppdatert.

## **Varsling via radio**

I beredskapssituasjonar av eit visst omfang, kan NRK og eventuelle nærradioar påleggast å samarbeida med styresmaktene. Dei nødvendige avtalar for slikt samarbeid ligg føre.

For Sauda gjeld dette NRK Rogaland. (Radio 102, som er ein nærradiostasjon for Haugalandet, har ein viss dekning i Sauda, men er nok ikkje å rekna som nærradio for Sauda.) Det er statsforvaltaren/politimeister som oppmodar medieorgana om å formidla kriseinformasjon.

## **Informasjonssenter**

Ved hendingar der det er nødvendig, blir det oppretta eit pressesenter i kinosalen. Der er nett-tilgang, trådløst nett. Bord, fordeling av straum til utstyr og anna er relativt raskt å få på plass. Kontakt-/ressursperson for dette er oppsynsmann på Saudahallen. I den grad det er naudsynt med tilgang til kopimaskin/skrivar/scanner, vil utstyret i gangen ved ordførarkontoret bli tilgjengeleggjort. Inngangen til informasjonssenteret for medierepresentantar er via hovudinngangen til kinoen.

Pressekonferansar blir haldne i kinosalen.

Representantar frå media har i ein beredskapssituasjon ikkje tilgang til andre deler av rådhuset. Intervju, samtalar med fagpersonell mv. skal skje i informasjonssenteret og koordinerast av informasjonsleiar.

## **Medieovervaking**

En sentral oppgåve for informasjonstenesta i beredskapssituasjonar/kriser, er å følgja med på kva omtale hendingane får i media – òg på Facebook/Twitter, m.v. Avhengig av omfanget og alvorsgrad, må det settast av eigne tilsette til dette. Det må leggjast til rette for ein arbeidsstasjon som er dedikert til medieovervaking i beredskapsrommet. Det er naturleg å ha hovudfokus på digitale media, først og fremst nettaviser/-radio/-tv, men òg bloggar og sosiale media.

Medieovervakinga har til hensikt å kartlegge kva som blir meldt. Dette gir grunnlag for vidare handling, eventuelt retting av feilinformasjon og misforståingar, dementi, med vidare.

## **Råd for kontakt med medierepresentantar**

Her følgjer nokre generelle tips og retningslinjer for kontakt med media. Dei fleste råda kan i tillegg nyttast i kontakt med ramma, pårørande mv.

- Tenk gjennom budskapet i forkant. Ei fornuftig rekkefølge vil ofte vera:
  - Menneske / empati
  - Miljø
  - Materielle verdiar
  - Handling – kva kommunen (evt. andre instansar) gjer
  - Publikum – korleis andre bør/skal forholda seg til situasjonen
- Ver så open og bevisst som mogleg, men marker tydeleg at det er klare grenser for kva det er rett at kommunen informerer om
- Media kan lett oppfattast som ein trussel eller "klamp om foten" i ein hektisk beredskapssituasjon, men må først og fremst betraktast som ein viktig ressurs for å nå ut med informasjon.
- Vær rask. Kampen om sanninga handlar mest om å vera først på banen.
- Media må sjølvstøtt og behandlast med respekt og alle aktørar må behandlast likeverdige
- Ikkje la deg presse av tidspress eller deadline som media har

- Før logg for kontakt med media – namn, medienamn, mobiltelefonnummer/e-postadresse, tidspunkt for kontakt
- Avtaler med og løfter til media skal heldast.
- Uoverenstemmelser med media må avklarast i ettertid, fortrinnsvis med redaksjonsleiinga
- Ikkje informer media før pårørande mv. er informert
- Ikkje bruk sperrefrist. Det som ikkje kan publiserast får venta.
- Vær ærleg. Unngå spekulasjonar og vurderingar, hald deg i størst mogleg grad til fakta. Forsøk å få til ei balansert framstilling – ikkje overdriv eller bagatelliser
- Forklar kvifor det er informasjon me ikkje kan gå ut med – **unngå "Ingen kommentar"**

## 9 SYSTEM FOR MOTTAK AV BEREDSKAPSMELDINGAR

Viktig informasjon frå eksterne aktørar/overordna myndigheter om beredskapssituasjonar eller forhold som kan føra til dette, blir mottatt via SMS og/eller e-post som er etablert etter initiativ frå Statsforvaltaren. Nøkkelpersonar innan beredskapshandtering mottar desse meldingane. Adressatane for SMS-varsling er:

- **948 03 205** Beredskapskoordinator
- **994 58 553** Kommunalsjef Næring og samfunn
- **416 35 538** Rådmann

Adressatane for e-post-varsling til [Beredskap@Sauda.kommune.no](mailto:Beredskap@Sauda.kommune.no) :

- Plan- og beredskapskoordinator
- Kommunalsjef næring og samfunn
- Kommuneoverlege
- Ordførar
- Rådmann

Plan- og beredskapskoordinator har ansvar for å ajourføra varslingslistene og senda melding til Statsforvaltaren ved endringar, samt for å kvittera for mottatt beredskapsmelding for Sauda kommune.

Den vanlegaste avsendaren av slik informasjon er Statsforvaltaren. Ofte er dette meldingar om ein situasjon som er i ein tidleg fase og/eller som kan ha potensiale til å utvikla seg til ein beredskapssituasjon for kommunen. Meldingane er oftast av ein generell karakter som gjeld for heile eller store deler av fylket. Dei utløyser alltid ei vurdering av innhald og kva dette kan bety spesifikt for Sauda kommune og i dei fleste tilfelle ei drøfting mellom 2 eller fleire personar i beredskapsleiinga. Nokre meldingar kan vera av ein slik karakter at beredskapsleiing blir mobilisert og det blir oppretta ei hending og starta loggføring i beredskapsverktøyet CIM. På bakgrunn av enkelte meldingar er det i tillegg behov for å starta drøfting med eksterne aktørar, t.d. regulanten Saudefaldene AS ved meldingar om store nedbørsmengder/snøsmelting/flaum.

## 10 FUNKSJONSKORT

## 11 HENDINGSKORT

## 12 VARSLINGSLISTER

**BRANN: 110**

**5. POLITI: 112**

**AMBULANSE: 113**

### 12.1 Beredskapsleiing

### 12.2 Satellitt-telefonar

Beredskapsleiinga har 5 satellitt-telefonar. 2 er plasserte i beredskapsskapet i kommunestyresalen og 3 er plasserte på brannstasjonen.

Stk	Utplassering	Telefonnummer	Ansvar for jamleg tilsyn, lading og utplassering ved beredskapssituasjon
2	Beredskapsleiing	+870 776 123 777 +870 776 123 778	Beredskapskoordinator
1	Brannvesen	+870 776 123 776	Brannmester
1	Legeteneste	+870 776 123 775	Brannmester
1	Pleie og omsorg	+870 776 123 774	Brannmester

Telefonane vil òg vera ei sikring i samband med leiteaksjonar/redningsaksjonar i område utanfor mobildekning.

### 12.3 Nødnettradioar

**DDI- og ISSI-nr, radioterminalane (LEG SAUDA):**

Utplassert	ISSI nr	DDI nr
12, legevakt	3858412	878 45 268
13, reserve RT til legevakt	3858413	878 45 269
14, jordmor	3858414	878 45 270

Beredskapsleiinga har ikkje eigne nødnettradioar men får låne nødnettradio av brannvesenet viss det er behov for det.

### 12.4 Viktige ressursar

### 12.5 Nabokommunar

### 12.6 Varslingsliste, einingsleiarar i Sauda kommune med fl.

## 12.7 Regionale og statlege

## 13 BEREDSKAPSPLANAR

Dei ulike rednings- og beredskapsplanar er samla og oppbevart i planskapet i kommunestyresalen. Ordførar, rådmann, kundetorg, og teknisk eining har nøkkel til skapet. Ansvarleg for årleg gjennomgang og oppdatering av planverket er rådmannen, jfr kap. 7.

### 13.1 Lokale beredskapsplanar

Nr	Plan	Ajourført dato	Ansvarlig	Telefon
3	Overordna beredskapsplan for Sauda		– Rådmann	52 78 62 01
3.1	Plan for helsemessig og sosial beredskap	Mai 2017	– Kommunelege	52 78 62 66
3.2	Smittevernplan med pandemidel	06/2009	– Komm.overlege	
	Plan for Evakuerte- og pårørendesenter i Sauda kommune	05.08.2020	– Kommunalsjef Næring og samfunn	994 58 553
3.4	Beredskapsplan for vannforsyning	2020	– Kommunalsjef Næring og samfunn	994 58 553
3.5	Beredskapsplan for akutt forurensing	2003	– Kommunalsjef Næring og samfunn	994 58 553
3.7	Flaumsonekart for Nordelva	Mai, 2007	- NVE	72 89 65 62
3.8	Plan for oppbevaring og ditribusjon av jodtabletter ved atomhendelser i Sauda kommune	27.07.2020	- Kommunalsjef Næring og samfunn	994 58 553
12	Kommuneplan for Sauda (tekst og arealdel)	20.20.2020		

### 13.2 Andre planar

Nr	Plan	Ajourført dato	Ansvarlig	Telefon
7A	Dambruddbølgeber. for dam Helgedalsvatnet	Febr. 2003	Statkraft Grøner	
11	Beredskapsplan for Røde Kors Hjelpekorps	14.2.07	Alarmtelefon	959 69 120

## 14 RESSURSAR

### 14.1 Kommunens egne resursar, teknisk

### 14.2 Lokale, materielle resursar (I samsvar med eigarliste for Sauda Vekst AS)

### 14.3 Sivilforsvarets resursar

Sivilforsvaret er ein statleg forsterkingsressurs for naud- og beredskapseiningane ved handsaming av ikkje ønska hendingar. Vi har ved fleire høve sett at Sivilforsvaret si fredsinnssatsgruppe kan vera til stade på 30 – 60 min etter at dei vert utkalla her i Sauda.

Mannskapa har ei brei opplæring som mellom anna går ut på førstehjelp, brannsløkking, redningsteneste, søk, samband, ordensteneste. Dei har utstyr for å handtere desse oppdraga. Av spesielt materiell kan vi nemna 4” brannslangar, oppblåsbart telt og lysutstyr.

#### **14.4 Heimevernets resursar**

Heimevernet er ein statleg aktør som i enkelte høve kan brukast som forsterkingsressurs for kommunar ved handsaming av ikkje ønska hendingar. Heimevernsområdet kan bidra med følgjande kapasitetar for hjelp til det sivile samfunn:

- Eigen organisering og deltaking i alle typar bistandsoperasjonar med personellressursar.
- Evne til å ivareta eigne sambandsbehov.
- Evne til å stille til disposisjon ymse materiell, til døme: Telt, skanseverktøy, omnar, drivstoffkannar, vatnkannar, søkestenger, feltlinemateriell (telefon/feltvekslar) og materiell for sperring av vegaksar på eit sted. Det finnes også optikk i form av kikkertar og nattbriller.
- Området har også ein avgrensa tilgang til sandsekkar, men kan med støtte frå distriktet bringe til veie ein betydeleg mengde av desse.

#### **14.5 Sauda Røde Kors Hjelpekorps**

Sauda Røde Kors Hjelpekorps består av frivillige mennesk utan vaktberedskap. De vil likevel kunne stilla mennesk på relativt kort varsel.

Hjelpekorpsset kan hjelpa med å yta førstehjelp, sambandsteneste, transport utanom veg (barmark og snødekt mark), leie innsatsgrupper (eigne og andre), evakueringssituasjonar (transport og omsorg for eldre og uføre) og varslingsteneste.

Av utstyr hjelpekorpsset disponerer kan nemnast sambandsutstyr, lysutstyr, redningsutstyr (barmark og snødekt mark), bilar, tilhengarar (derav ein KO-hengar), snøscooter og ATV samt pulkar.

#### **14.6 Sauda skisenter**

Sauda skisenter har følgjande materiell tilgjengeleg ved ulykker/aksjonar:

- 2 stk snøscooter
- 2 stk tråkkemaskin
- Sambandsradioar
- Sanitetsmateriell inkl O2 og hjertestarter
- Pulker
- Scooterslede
- Utstyr for arbeid i søskred
- 1 stk tausekk/taukanon

#### **14.7 Eramet Norway Sauda**

Industrivernet ved Eramet Sauda har fleire gangar støtta brannvesenet ved større hendingar. Dei har mellom anna brannpumpe og vatnkanon. Dei har også ein fult utrusta ambulanse som kan nyttast viss ambulansane i Sauda ikkje er i bygda.

#### **14.8 Frivillige lag og organisasjonar**

- Norske Redningshundar, Ryfylke Lag
- Sauda Motorbåtforening
- Sauda Bondekvinnelag
- Sauda Bondelag
- Sauda Bonde- og småbrukarlag
- Sauda Skogeigarlag



## 14.9 Samarbeid med / Hjelp frå nabokommunar

Sauda og Suldal kommunar har samarbeidd om konseptet "Øving Rogaland" og har vekselvis vore øvings- og observatørkommune. Det har òg vore noko samarbeid med ROS-analyse og beredskapsplanverk. Begge kommunar er med i IKT-samarbeidet i Ryfylke og nyttar mange av dei same IKT-program. I tillegg er mange av dei tilsette relativt godt kjende med nabokommunen. Dette gir eit godt grunnlag for samarbeid når situasjonen krev det.

Det ligg føre ei gjensidig forståing av å kunna yta hjelp til kvarandre ved situasjonar som rammar den eine av kommunane.

## 15 RETNINGSLINJER FOR OPPDATERING AV PLANVERK

Dei personar som i kap. 8.1 er nemnt som faste i beredskapsleiinga, er ansvarleg for årleg, i løpet av oktober månad i samråd med beredskapsrådet, å vurdere overordna ROS-analyse og denne planen med omsyn til eventuelle behov for endringar. Rådmannen er ansvarleg for å kalla saman til møte om dette.

Rådmannen er vidare ansvarleg for:

1. Kvart 4. år, seinast 4 månader etter kvart kommuneval og i samråd med beredskapsrådet, å ajourføra overordna ROS-analyse og denne planen som så blir lagt fram for det nyvalte kommunestyret til orientering/godkjenning.
2. Årleg, i løpet av oktober månad å ajourføra følgjande:
  - ◆ Kap. 12, varslingslister
  - ◆
  - ◆ Kap. 12.2 og 12.3, liste over kommunale satellittelefonar og naudnettradioar.
  - ◆ Kap. 13, liste over planverk. Ingen av planane skal vera eldre enn eitt år. Dersom det er planer som ikkje er oppdatert i løpet av det siste året, skal instansen tilskrivast og oppfordrast til å senda oppdatert plan.
  - ◆ Kap. 14 nr 1, ressursoversikt for Teknisk.

Sauda, mandag, 01. februar, 2021

Rune Kloster Tvedt  
rådmann

## 16 DISTRIBUTJONSLISTE

- Heimesida til Sauda kommune
- Sør-vest politidistrikt
- Statsforvaltaren i Rogaland, Beredskapslaget
- Beredskapsrådet i Sauda kommune
- Suldal kommune
- Vindafjord kommune

## 17 VEDLEGG

### 17.1 Skjema for erfaringsl ring etter hendinger og  vingar

Namn p  hending/ ving

Namn p  evaluerande verksemd

Hending

 ving

Namn p� hending/�ving	
Tid og sted	
Referent	

Deltakare i evalueringa:

Namn	Funksjon og verksemd	Rolle under hending/�ving

### SITUASJONSBESKRIVELSE

#### 1. Kva har skjedd?

- *Beskriv i korte trekk kva som har skjedd.*
- *Beskriv kort konsekvensar av hendinga.*

#### 2. Kva tiltak ble iverksett?

- *Beskriv kort i punkter.*

### 3. Kva aktørar var involvert i hendinga etter øvinga?

- Beskriv kort kven verksemda samarbeidde med under hendinga/øvinga. Dette kan for eksempel være politiet, brann- og redningsteneste, andre kommunar, Fylkesmannen, kystverket, andre myndigheiter, Sivilforsvaret, Røde Kors eller andre frivillige beredskapsorganisasjonar, Fylkeskommunen, næringsliv, m. fl.

## UMIDDELBARE ERFARINGSPUNKTER

### 4. Målt opp mot ansvarsområde: Kva fungerte bra og mindre bra under krisehandteringa?

Ansvarsområde	Kva fungerte bra?	Kva fungerte mindre bra?
<b>Mottak og kontroll av meldingar:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Loggføring/ dokumentasjon</li><li>- Ble det gjort en situasjonsvurdering</li></ul>		
<b>Varsling:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Internt i verksemda</li><li>- Eksternt til andre involverte</li></ul> Gjort iht. beredskapsplanen?		
<b>Organisering og gjennomføring av krisehandteringa:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>Fordeling av ansvar og roller</li><li>- Tilgang på ressursar, folk og utstyr</li><li>- Kva egne lokala var</li></ul>		

Ansvarsområde	Kva fungerte bra?	Kva fungerte mindre bra?
<b>Samarbeid:</b> - Samarbeid med eksterne aktørar		
<b>Kommunikasjon</b> - Internt i kommunen/verksemd - Med styresmakter og samarbeidspartnerar - Med befolkning/allmenta - Med rørte og pårørande		
<b>Mediehandtering:</b> - Utforming av budskap og talsperson - Aviser, radio, tv - Sosiale media - Pressekonferanse - Anna		
<b>Ivaretaking av rørte og pårørande:</b> Gjennom t.d. evakuert- og pårørandesenter og tilrettelegging for samling av rørte og pårørande.		
<b>Helse, miljø og sikkerheit:</b> For eigne tilsette, samt evt. eigne ressursar.		